| Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap i Hordaland 2019. Omtale av søknadene | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Nr.** | **Søkjar** | **Objektnamn** | **Tiltaket jf. søknad** | **Samla kostnad** | **Omsøkt** | **Tildeling** | **Grunngjeving** |
| 1 | Jan Helge Krossøy | Sjøbu (ID 7), Krossøy sjøbruksmiljø | Stabilisering av grunnmur/fundament, og delvis utskifting av kledning, samt skyvedør i front | 55 000 | 47 000 | 35 000 | Bygningen står i eit tøft klima som gir ei særskilt vedlikehaldsutfordring. Eigar har tidlegare sett i stand fleire hus i det same bygningsmiljøet og lagt ned stor innsats, det tel positivt. Samla sum er relativt låg, likevel er ein høgare eigendel rimeleg. |
| 2 | Stiftinga Havråtunet | Gullekshuset, Havrå | Omlegging og utskifting av taktekkinga, skifte deler av kledningen, og justera grunnmuren som har lekkasje | 299 000 | 299 000 | 0<br><br>Førehands-tilsegn 250 000 | Tiltaka er naudsynte for å ta vare på huset. Søkjar har ansvar for mange hus i tunet. Noko eigendel ligg reelt i form av material og transport. Det er ikkje rom for å prioritera dette tiltaket i år, men det vert gjeve førehandstilsegn. |
| 3 | Stiftelsen Espeland fangeleir | Gråsteinsmur, Espeland fangeleir | Utbetring av setningsskada og utrasa murparti, ved å riva og byggja opp att delar av muren | 90 000 | 70 000 | 50 000 | Stiftinga overtok eit stort anlegg med omfattande vedlikehaldsbehov. Leiren er ein unik representant for sin type kulturminne. Muren treng utbetring. Tiltaket er eigna for ein viss eigeninnsats. |
| 4 | Stiftelsen Espeland fangeleir | Vaktbu, Espeland fangeleir | Utbetring av ròteskadar i yttervegger, vindauge, dør og innvendige golv, fjerning av eternitplater på vest- og nordsida | 185 969 | 124 000 | 0<br><br>Førehands-tilsegn 124 000 | Stiftinga overtok eit stort anlegg med omfattande vedlikehaldsbehov. Leiren er ein unik representant for sin type kulturminne. Bygningen har eit klar behov for utbetring, men må sjåast opp mot andre pågåande tiltak i leiren. Det vert difor gjeve førehandstilsegn. |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 5 | Bernt Korsøen | Sjøbu (ID 6) og torvhus (ID 9), Krossøy sjøbruksmiljø | Utbetring av ròteskade på delar av kledning, vindskier og hjørnebord (gjeld begge hus) | 98 000 | 83 000 | 50 000 | Bygningane står i eit tøft klima som gir ei særskilt vedlikehaldsutfordring. Begynnande råteskader bør utbetrast før dei spreier seg. Kostnadsestimatet synast noko høgt. Eigendel bør såleis vera høgare. Søknaden er godt dokumentert. Tilskotet vert fordelt med helvta til kvart hus. |
| 6 | Stiftelsen Fjelberg prestegard | Fjelberg prestegard | Ny grunnvassboring for å gi vatn til brannsikringsanlegget (tidlegare boring gir ikkje lenger nok vatn) | 95 850 | 95 850 | 50 000 | Kulturminnet er eit tett bygningsmiljø som ligg avsides til, og det vert ekstra viktig at brannsikringa fungerer. Eigendel må vurderast. |
| 7 | Krigsveterane nes minne Kronstad | Kronstad Hovedgård, stallen | Ferdigstilling av istandsetting: kledning, bygningselement som dør/port og vindauge, samt noko innvendig tilbakeføring | 750 000 | 750 000 | 485 000 | Kronstad Hovedgård er eit stort og krevjande anlegg å setja i stand. Istandsetjinga av Stallen er eit fleirårig tiltak som det er viktig å få ferdigstilt. |
| 8 | Eirik Øvreeide | Rekvemylna | Laga nye turbinar til kvernsteinane, sikra kvernsteinane med nye dragarar, golv over turbinrommet. Sikra taket på oppsida, der stein har rasa ut | 218 475 | 218 475 | 175 000 | Eit sjeldsynt kulturminne av si art, der det tekniske utstyret utgjer ein vesentleg del. Eigar legg ned stor innsats og ønskjer å driva formidling av kulturminnet. Terrengtilhøva bak bygningen, der fjell og fukt er ei særskilt utfordring, knytt til liv og helse. Det vert difor prioritert å vidareføre den pågåande istandsetjinga. |
| 9 | Krigsveterane nes minne Kronstad | Kronstad Hovedgård, hovudbygning | Total rehabilitering av vindfanget mot sør, og taket mellom dei to vindfanga | 1 000 000 | 1 000 000 | 700 000 | Kronstad Hovedgård er eit stort og krevjande anlegg å setja i stand. Vindfanga er i dårleg stand, og er det som står att for at hovudbygningen skal vera ferdig istandsett utvendig. Sjølve vindfanget vert prioritert framfor det mellomliggande taket. |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 10 | Sandviksveien 60 og 62 AS | Mesterhuset | Vidareføring av istandsetting: kledning, måling, vindauge og listverk, montering av portal, tømrararbeid, forsterking av golv i 2. etasje, dør/vindauge/himling i kjellar, dør til kjøkken, vegg med brannmur mm. | 2 020 000 | 1 010 000 | 610 000 | Omfattande og ambisiøst prosjekt som har gått over fleire år. Prosjektet har god styring og gjennomføring og høg eigenandel. Det vert prioritert å gi tilskot til dei utvendige arbeida. |
| 11 | Nord og Midhordland sogelag v/ Magnar Ottesen | Bogatunet | Diverse utbetring: Utbetra taket (vindski og takpapp), skifta noko kledning, skifta ròteskadd bjelkelag i kleven, tetta lekkasje kring pipa i eldhuset | 45 500 | 45 500 | 45 000 | Det er viktig at skadane vert utbetra før dei får eskalera. Det ligg reelt noko eigendel i administrasjon av tiltaket. |
| 12 | Stiftelsen Espeland fangeleir | Espeland fangeleir, alle bygningane | Skifta dårlege takrenner på alle bygg i leiren med nye av renner av galvanisert stål | 699 680 | 549 680 | 100 000<br><br>Førehands-tilsegn 400 000 | Stiftinga overtok eit stort anlegg med omfattande vedlikehaldsbehov. Leiren er ein unik representant for sin type kulturminne. Tiltaket er viktig for langsiktig ivaretaking av bygningane. Det er planlagd utført over to år, og mykje av tilskotet vert difor gjeve som førehandstilsegn. |
| 13 | Stiftelsen Espeland fangeleir | Espeland fangeleir, magasin-bygget | Skifta ut ròteskada kledning på nordsida, reparera ròteskada dører og lemmer | 402 313 | 300 000 | 0<br><br>Førehands-tilsegn 300 000 | Stiftinga overtok eit stort anlegg med omfattande vedlikehaldsbehov. Leiren er ein unik representant for sin type kulturminne. Bygningen har eit klar behov for utbetring, men må sjåast opp mot andre pågåande tiltak i leiren. Det vert difor gjeve førehandstilsegn. |
| 14 | Stiftelsen Espeland fangeleir | Espeland fangeleir, messe-bygningen | Skifta ròteskada kledning, vøling av vindauge | 311 663 | 195 000 | 0<br><br>Førehands-tilsegn 195 000 | Stiftinga overtok eit stort anlegg med omfattande vedlikehaldsbehov. Leiren er ein unik representant for sin type kulturminne. Bygningen har eit klar behov for utbetring, men må sjåast opp mot andre pågåande tiltak i leiren. Det vert difor gjeve førehandstilsegn. |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 15 | Baroniet Rosendal / Den Weis-Rosenkronske stiftelse | Baroniet Rosendal, hagen | Laga beplantings- og restaureringsplan for hagen (renessansehagen, den romantiske landskapsparken og den rekonstruerte kjøkken- og urtehagen) | 400 000 | 200 000 | 200 000 | Hageanlegga er ein viktig og unik del av kulturminnet, og tiltaket vil leggja grunnlag for ei god, langsiktig forvalting av dei. Tilskot vil utløysa sponsormidlar og den samla eigendelen er høg. |
| 16 | Leif Havre | Havrå, bruk 8, 10 og 11 | Skjøtsel av kulturlandskap: slått, fjerning/tynning av skog, rydding av innmark | 322 000 | 322 000 | 215 000 | Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga. Tilskotet er auka ein del samanlikna med i fjor, sidan søknaden er langt meir omfattande. |
| 17 | Christinegaard Hovedgaard AS | Christinegaard hovudbygning | Istandsetjing av kledning, balkong over inngangspartiet, skyvedør til sal, vindaugslemmer, skifta knuste vindauge | 500 000 | 500 000 | 200 000 | Christinegård er eit stort og særprega anlegg med stort istandsettingsbehov. Tiltaka her er del av ein heilskapleg istandsetjingsplan som det er prioritert å følgja opp. Denne bygningen er godt i gang, og det vert sett som viktig å vidareføre istandsetjinga her. Samstundes er det mykje ubrukte tilskotsmidlar frå i fjor, som gjer at årets tilskot vert sett lågare. |
| 18 | Christinegaard Hovedgaard AS | Christinegaard portnarbustad | Istandsetjing av ròteskada kledning og søyler på baksida; restaurera/skifta vindauge og fire ytterdører, reparera innebygde takrenner, brannsikra to skorsteinar | 500 000 | 500 000 | 0<br><br>Førehands-tilsegn 400 000 | Christinegård er eit stort og særprega anlegg med stort istandsettingsbehov. Tiltaka her er del av ein heilskapleg istandsetjingsplan som det er prioritert å følgja opp. Denne søknaden vil representere oppstart av eit nytt tiltak, og det vert vurdert som viktigast å fullføra andre tiltak på eigedomen. Det vert difor løyvd førehandstilsegn. |
| 19 | Christinegaard Hovedgaard AS | Christinegaard driftsbygning | Reparasjon av etasjeskille mellom 1. etasje og loft. Restaurera fire vindauge, vinduer gjenstår å restaurere (8 fag). Ytterdører – råteskade. Låvebrua treng reparasjon | 500 000 | 500 000 | 300 000 | Christinegård er eit stort og særprega anlegg med stort istandsettingsbehov. Tiltaka her er del av ein heilskapleg istandsetjingsplan som det er prioritert å følgja opp. Denne bygningen er godt i gang, det vert sett som viktig å vidareføre istandsetjinga her. Isolering i |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | etasjeskiljet vert rekna som standardheving, og denne delen av tiltaket får ikkje tilskot. |
| 20 | Christinegaard Hovedgaard AS | Christinegaard hage | Kutta ned, oppkutting og bortkjøring av 2 + 7 store trær, som trugar hovudbygningen | 200 000 | 200 000 | 120 000 | Christinegård er eit stort og særprega anlegg med stort istandsettingsbehov. Tiltaka her er del av ein heilskapleg istandsetjingsplan som det er prioritert å følgja opp. Hagen er ikkje freda, men er ein integrert og fredingsverdig del av anlegget. Trea, særleg dei to største, er ein direkte risiko for dei freda husa. Fjerning av dei vil bidra til å sikra bygningane. Dei to bøketrea vert prioritert. |
| 21 | Christinegaard Hovedgaard AS | Christinegaard hagemur | Istandsetjing av takkonstruksjonar over hagemurar, port, maling | 300 000 | 300 000 | Avslag | Christinegård er eit stort og særprega anlegg med stort istandsettingsbehov. Tiltaka her er del av ein heilskapleg istandsetjingsplan som det er prioritert å følgja opp. Hagemuren har mykje ubrukte tilskotsmidlar frå i fjor og ein kjem eit godt stykke vidare med desse. Det vert difor ikkje tildelt nye midlar i år. |
| 22 | Gerdt Meyer Bruun AS | Reperbanen på Fjøsanger | Vidareføre istandsetting av tak og reetablera taklukene, starta opp arbeid med etablering av brannslokkeanlegg og utbetring av vegger. | 6 125 000 | 5 375 000 | 900 000<br><br>Førehands-tilsegn 326 000 | Viktig og pågåande tiltak som er prioritert å vidareføre. Men det vert søkt om ein svært stor sum, som det er langt frå å kunna innfri. Fullføring av takutbetring vert prioritert. I 2017 blei det bygd opp fire brannskiljevegger med sløkkjeutstyr, og sprinklaranlegget vert difor ikkje prioritert no. |
| 23 | Museums-senteret i Hordaland | Havrå, bruk 2, 4 og 6 | Skjøtsel av kulturlandskap: dyrehald, åkerdrift, slått, vedhogst, rydding av teigar | 2 249 500 | 2 249 500 | 2 200 000 | Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga. Det er lagt til grunn same storleik på tilskotet som i fjor. |
| 24 | Frode Kjærland | Havrå, bruk 3 | Skjøtsel av kulturlandskap: stell av tre og buskar, åkerdrift, slått, mm | 354 400 | 354 400 | 235 000 | Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga. Det er lagt til grunn ein auke på 15 000 samanlikna |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | med i fjor, sidan søknaden er noko meir omfattande. |
| 25 | Mariann Heldal | Andershuset, Havrå | Istandsetjing av dører og vindauge | 179 000 | 179 000 | 120 000 | Grundig søknad. Kostnadsoverslaget som er lagt til grunn er nøkternt. Noko eigendel vert lagt til grunn. |
| 26 | Andres Blytt | Stallen, Einstapevoll | Istandsetjing av taket: ta ned helletaket, byggja takkonstruksjonen opp att med nytt treverk, leggja steinhellene opp att. | 1 578 250 | 1 578 250 | 800 000<br><br>Førehands-tilsegn 775 000 | Grundig og godt underbygd søknad. Takkonstruksjonen er i dårleg stand og må truleg skiftast heilt. Eigar sit med ansvar for særs mange freda hus og murar av spesiell art, og offentleg fullfinansiering vert difor lagt til grunn. Tiltaket kan utførast over to år, og helvta vert difor gjeve som førehandstilsegn. |
| 27 | Hardanger og Voss museum | Herand sag | Istandsetjing av mølleteknisk utstyr: justera vassrenna, justera sagbordet, montera ny balatreim (flatreim) og finjustera | 130 456 | 120 000 | 90 000 | Herand sag står i ei særstilling som ei oppgangssaga i ordinær drift, og dermed svært viktig for andre restaureringsprosjekt med autentisk tilverka material. At saga er i drift gir òg eit stort vedlikehaldsbehov. Dei omsøkte tiltaka fekk støtte i fjor, men det tilskotet måtte omdisponerast grunna store uventa skadar. |
| 28 | Per Schulhus | Lille Øvregaten 7 | Restaurera vindauge i 2. etasje mot gata; omlegging av tak med ny underpapp og optimal gjenbruk av takstein; fella inn nytt trevirke i ròte på ytterdør | 499 500 | 499 500 | 250 000<br><br>Førehands-tilsegn 80 000 | Utbetring av taket er viktig for ivaretaking av bygningen. Tiltaka er eigna til oppdeling i fleire etappar. Årets tilskot går til taket, og førehandstilsegna til vindauge mm. Noko eigendel vert lagt til grunn. |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 29 | Arnt Rune Trohjell | Toskedals-stova | Attståande arbeid i gjenreisinga av huset; røykomn, jordgolv, ljore, veggfaste benker, kledning på sør- og vestveggen | 500000 | 500 000 | 350 000 | Pågåande prosjekt som står i ei særstilling, der ein lenge demontert bygning vil verta automatisk freda når den er ferdig gjenreist. Prosjektet har stort undervisnings- og formidlingspotensiale. Sidan prosjektet er i sluttfasen, er det ikkje lagt til grunn uføresette utgifter i tilskotsberekninga. |
| 30 | Yngve Kartveit | Fusa gamle prestegard, hovudbygning og stabbur | Istandsetting av taket på hovedhuset og nord- og sørgavlen inkludert utbetring av vindauge; sikring av takskifer på stabburet | 1 700 000 | 680 000 | 680 000 | Utbetring av taka er viktig for å ta vare på bygningane. Høg eigendel. Av tilskotet går 630 000 til hovudhuset og 50 000 til stabburet. |
| 31 | John Audun Hauge | Sandviksbod 19A | Utbetring av fundament og rekonstruksjon av fenderverk | 31 000 | 31 000 | 31 000 | Lite, men naudsynt tiltak, der søknaden gjeld materialutgifter og resten vert gjort som eigeninnsats. |
| 32 | Oddgeir Wåge Møgster | Sliberget 2 | Utbetra fasadeveggen, som har omfattande ròteskadar på og bak kledningen. | 340 104 | 226 736 | 200 000 | Naudsynt tiltak for å ta vare på bygningen, skadane vil akselerera dersom dei ikkje vert utbetra. Eigendelen vert auka noko samanlikna med søknaden. |
| 33 | Siri Johanne Byrkjeland | Paktarens stabbur, Vikøy gamle prestegard | Skifta ut platetak frå 1960-åra (inneheld asbest og trekkjer fukt) med helletak | 200 000 | 200 000 | 0<br><br>Førehands-tilsegn 150 000 | Det er på sikt naudsynt å gjera noko med taket, men tiltaket vert ikkje vurdert som heilt akutt. Å skifta til helletak vil vera positivt for kulturminneverdiane. Kostnadsestimatet er rimeleg, men noko eigendel er lagt til grunn. |
| 34 | Andres Blytt | Einstapevoll, hagemur | Restaurering av mur som er utrasa/skeiv: ta ned deler av muren, byggja opp nytt fundament, byggja opp att muren med den same steinen. | 56 250 | 56 250 | 56 000 | Murane er ein vesentleg del av anlegget, og det dårlege murpartiet må utbetrast. Eigar sit med ansvar for eit stort, særprega og sjeldsynt anlegg. Nøkternt kostnadsestimat. |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 35 | Nord- og Midthordland Høgskulelag | Store Milde hovudbygning og hage | Arkitektkostnader til tilstandsrapportar, planlegging forprosjekt og hovudprosjekt, gjennomføring og rapportar, og kostnader til samarbeidskoordinator hjå eigar | 1 050 000 | 1 050 000 | 180 000 | Søknaden gjeld i hovudsak planlegging og administrasjon av ei påtenkt istandsetjing, og det er ikkje aktuelt å gi tilskot til dette på førehand. Hagen er ikkje freda. Bygningen er stor og har sjeldsynte kvalitetar, og istandsetjing krev god planlegging. Det vert difor gjeve tilskot til eit forprosjekt for hovudbygningen. |
| 36 | Kraftmuseet - Norsk Vass-kraft og industri-museum | Lindehuset, Odda smelteverk | Istandsetjing av produksjonsutstyret og romma i sør i bygget: konservering og restaurering av maskinar og utstyr, og mur-, puss- og malingsarbeid | 2 357 305 | 1 000 000 | Avslag | Bygningen og produksjonsutstyret er eigd av Odda kommune, og det er difor ikkje høve til å få tilskot frå denne tilskotsordninga. |
| 37 | Geir Sundal | Havrå, Olsaløå | Restaurera veggene med ny brakekledning | 385 000 | 371 000 | 0<br><br>Førehands-tilsegn 240 000 | Eigar har fleire andre tiltak som har større behov, og dette tiltaket er difor nedprioritert i år. Det er òg ein fordel med meir tid til å planleggja denne typen tiltak. Brakekledning krev spesialkompetanse, og er ein særprega regional skikk som kan gi viktig kunnskapsoverføring. Det vert difor gjeve førehandstilsegn for 2020. |
| 38 | Museums-senteret i Hordaland | Lynghei-senteret | Skjøtsel av kulturlandskap: aktiv autentisk drift av kystlyngheiene på Ytre Lygra | 903 688 | 903 688 | 600 000 | Lyngheisenteret på Lygra er ikkje freda, men vert rekna som eit særleg verdifullt kulturlandskap og fell difor inn under tilskotsordninga. Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda kulturminneverdiane. Tilskotet vert lagt på same nivå som i fjor. |
| 39 | Aslaug Jorunn Nestås | Mosstova på Ystås (ID 2) | Fullføring av istandsetting: frakt og montering av laft, undertak, never, torv, ljore, dør, vindauge, drenering og golv | 253 000 | 253 000 | 253 000 | Bygningen er demontert, og det er viktig at istandsettinga vert fullført ved at bygningen vert sett opp att, både av omsyn til bygningen sjølv og til pågåande fredingssak for |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | | Yståstunet. Eigar har ansvar for særs mange hus som er under freding. |
| 40 | Stiftelsen Agatunet | Jacob-stabburet, Agatunet | Istandsetting av bygningen og utbetring av husbukkskader: ta ned heller, skifta skada sperr, lekte, kledning og opplengjer. Sprøyta heile huset. Vindauge og kledning behandlast mot husbukk. | 310 000 | 310 000 | 310 000 | Bygningen har omfattande insektskader som er viktig å utbetra. Mykje av arbeidet vert gjort av eigen handverkar og er reelt eigeninnsats. Det tel òg positivt at tiltaket skal brukast i formidling. Eigar har ansvar for særs mange freda hus. |
| 41 | Stiftelsen Seminarium Frederi-cianum | Bergen barneasyl | Rehabilitering av fasade mot bakgard (kledning og vindauge). Sluttføra arbeidet med sprinklaranlegg. | 2 740 000 | 1 840 000 | 1 000 000<br><br>Førehands-tilsegn 750 000 | Søknaden gjeld to skilde tiltak på ein stor og sjeldsynt bygning. Den er i bruk som barnehage og det gir ein del ekstra krav til sikring. Sprinklaranlegget er ferdig prosjektert og har ein høg eigendel. Tilskotet for 2019 skal gå til sprinklaranlegget. Førehandstilsegn skal gå til utbetring av baksida. |
| 42 | Geir Sundal | Noreløo, Havrå | Skifta brakekledningen i begge gavlveggene | 262 000 | 252 000 | 0<br><br>Førehands-tilsegn 200 000 | Eigar har søkt for fleire andre tiltak, som har større behov. Brakekledning krev spesialkompetanse, og er ein særprega regional skikk som kan gi viktig kunnskapsoverføring. Det vert difor gjeve førehandstilsegn for 2020. |
| 43 | Geir Sundal | Havrå, bruk 5, 7 og 12 | Skjøtsel av kulturlandskapet: dyrehald, stell av tre og buskar, åkerdrift, slått, mm | 650 000 | 650 000 | 200 000 | Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga. Søkjaren har mykje unytta skjøtselsmidlar frå i fjor, og tilskotet er difor sett lågt. |
| 44 | Geir Sundal | Melandsfloren , Havrå | Restaurera/byggja opp att bygningen slik den var i 1949/50 | 284 625 | 160 000 | 160 000 | Tiltaket har vore omsøkt tidlegare og vert prioritert i år. Det vil bidra til å styrka det historiske kulturlandskapet, og bygningen vil få ein bruksverdi i gardsdrifta. Eigendelen er høg. |

| | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 45 | Bymuseet i Bergen | Damsgård Hovedgård, hovudbygning | Restaurering og konservering av vass-skada tapet i Gulestuen | 196 250 | 185 000 | 0<br><br>Førehands-tilsegn 175 000 | Tiltaket har ikkje effekt på vedlikehaldstilstanden til sjølve bygningen og vert ikkje vurdert som akutt, men interiøra er ein vesentleg del av dei kulturhistoriske verdiane i det sjeldsynte anlegget. Søkjaren har ansvar for særs mange bygningar, freda og andre. |
| 46 | Bymuseet i Bergen | St. Jørgen Hospital, hovudbygning | Istandsetting av taket (langside mot sør har prioritet) og av lyssjaktvindauge | 757 800 | 600 000 | 600 000 | Bygningen har kraftige soppangrep, som ein må prioritera å utbetra. Stor, viktig og sjeldsynt bygning. Søkjaren har ansvar for særs mange bygningar, freda og andre. |
| 47 | Bymuseet i Bergen | Alvøen hovedgård | Delvis utskifting/reparasjon av utette takrenner og sløyser, istandsetting av eventuelle skjulte ròteskadar i undertak | 456 200 | 326 000 | 300 000 | Tak- og råteskader er viktig å utbetra. Tiltaket er ei vidareføring av arbeid som fekk tilskot i fjor. Søkjaren har ansvar for særs mange bygningar, freda og andre. |
| 48 | Marianne Haaland | Maaseskjæret 1 | Istandsetting av ytterdør og utskifting av takrenner; også fleire mindre tiltak, der reparasjon av sløysar på alle arker er det største | 375 336 | 340 000 | 150 000<br><br>Førehands-tilsegn 135 000 | Tiltaka er naudsynte utbetringar, der døra vert vurdert som mest akutt. Døra får tilskot i år, og takrenner mm førehandstilsegn, men med større eigendel. |